

Innspel til planprogram - mai 2020

Alver kommune

Det er positivt at administrasjonen i den nye kommunen ønsker å byggje noko nytt, og ikkje berre slå saman tre gamle kommunar. I organisasjonsteorien er det diverre likevel slik at det gjerne vert kulturen i den største og mest dominerande organisasjonen som vert vidareført. Planarbeidet i Lindås kommune har bore preg av lite tid og lite tverrfagleg samarbeid, noko som er eit stort og grunnleggjande problem i det offentlege Norge. Det at ein i ein større kommune, der ein framhevar sterke fagmiljø som eit gode, er ikkje utan vidare det.

Dette er også noko kommunestyret bør vere særskilt observante på i denne perioden. Ein risikerer å få ein ny Alver kommune, med sterkare fagmiljø som eit gode for dei som jobbar internt i administrasjonen, men at ein ikkje bruker det til beste for innbyggjarane sine. Dette bør i perioden få ekstra fokus på. Ein risikerer at Alver kommune vert ein større og styggare Lindås kommune, der det er vanskelegare for innbyggjarane å nå fram. Det finst nok av døme på at kommunar gjer overtramp mot innbyggjarane sine, og særskilt dei mest sårbare.

Både berekraft og folkehelse er dessutan tverrfaglege problem, som i langt større grad bør løysast i fellesskap med heile kommunen, og internt mellom ulike fagområde. I kva grad klarar ein reint faktisk å byggje noko nytt, og tenkje fundamentalt annleis når grunnstrukturane og måten ein arbeider på framleis er dei same?

I innleiinga skriv kommunen at det er eit paradoks at mange ikkje veit kva ein kommuneplan er og korleis dei skal bruke han. Det kan ein nok vere einig i. Ein kommuneplan kan ha stor innverknad på mange. Me vil likevel heller snu dette på hovudet å seie at det er eit paradoks at det i ein kommune som skal representere noko nytt, framleis er slik at ein tradisjonell planprosess, kan vere med på å danne grunnlaget for gode lokalsamfunn. Gode lokalsamfunn veks fram naturleg og over tid og er ikkje konstruerte ovanfrå og ned. Det er sjølvstøtt i dagens samfunn praktisk med noko infrastruktur, men når planlegginga vert så overskyggande som den er i vårt moderne samfunn, overskyggar idear som fortetting og det planlagte det som er gode kvalitetar i kvardagen vår.

I staden for å setje av tre månader til å lytte til innbyggjarar og politikarar vil, kva med heller å starte arbeidet med å skape ulike gode lokalsamfunn ulike stader i Alver med ein gong. Kven vi er finn vi ut av etter kvart. Lat oss snu medverknadsprosessen på hovudet, lat innbyggjarane snakke med kvarandre, definere problem og løysingar og kome i gang med arbeidet. Vegen må vere målet når det er snakk om gode lokalsamfunn og god samfunnsutvikling.

2. Slik skal vi jobbe med planlegging

2.1 Organisering av arbeidet

Det skal gå parallele løp med helse og omsorg, og oppvekst. Når ein inkluderer breitt, dukkar dei fleste problem opp. Det er positivt at kommunen difor tenkjer å ha felles medverknadsprosessar for desse tre, for å tenkje nettopp tverrfagleg. Då kan ein bruke meir ressursar og pengar på prosessen, men kanskje er det heller tenkt at ein skal bruke minst mogleg på det som er dyre prosessar? Her bør i større grad tenkjast kvalitet i prosessen og ei anna grad av tilnærming til innbyggjarane og medverknadsprosessen.

Arealplanane som også skal vere ein del av ein kommuneplan, vil kome som ein naturleg konsekvens av drøftingane og prosessane ein får i lokalsamfunna. Sidan folkehelse og berekraft er mangslungne og store tema, treng dei tverrfaglege og breie løysingar. Så kan ein regulere i tråd med løysingane innbyggjarane i fellesskap har kome fram til.

2.2 Roller og ansvar i arbeidet med samfunnsdelen

Nokre spørsmål bør avklarast nærare. Korleis vert til dømes arbeidsgrupper sett saman? Det er heilt vesentleg korleis ein rekrutterer og hentar inn både einskildpersonar og type fagkompetanse i desse gruppene.

Referansegrupper; 'tatt med når det er aktuelt' – kven definerer dette og korleis sikrar ein opposisjon og heilskap i desse prosessane?

3 Slik skal vi involvere og hente innspel

Medverknadsprosessen ser ut til å vere ganske avgrensa. Det er berre nokre få utvalde tidpunkt medverknad skjer. Andre typar medverknadsprosessar enn ein tradisjonell planprosess, som denne er (til trass for nokre oppgraderingar), vil tenkje medverknad som noko som skjer heile tida. Ikkje berre innanfor snevre plantekniske rammer, der ein strengt tatt bør vera jurist for å sikre seg at rettane vert ivaretekne. Er det også slik at denne prosessen i første rekkje er oppteken av å hake av? Så lenge ein har følgd retningslinjene, hatt det og det møtet på den og den staden, så kan ein hake av i dei rette rutene. Og når administrasjonen har haka av, og kommunestyret er informert og har godkjent undervegs; då kan dei heller ikkje klage på prosessen. Uavhengig av resultatet har administrasjonen sitt på det tørre. Alver kommune har god juridisk kompetanse, og bør bruke den til beste for innbyggjarane, ikkje for å sikre 'minstekravet'. Medverknad skal vere noko som skjer heile vegen, og ikkje berre ei korrekturlesing som skjer innanfor seks gitte veker i juli og august.

I saksframlegget knytt til planprogrammet kjem det fram at det er prosjektgruppa som skal drøfte samfunnsutviklinga med ulike aktørar og grupper. Det verkar som det er denne dialogen mellom enkeltgrupper og prosjektgruppa som er tenkt som medverknadsprosess. Det er uklart frå planprogrammet om det her er tenkt ein slags 'design thinking', og at det er opp til prosjektgruppa å tolke det dei ulike gruppene seier og så kome med forslag.

Det er sjølv sagt fint at prosjektgruppa ønskjer å delta i etablerte møteplassar. Men desse har gjerne sin faste dynamikk, og dei same personane som snakkar høygast. Dersom de skal ha ein reell medverknadsprosess, må de også få med dei som ikkje er der. Her bør tenkjast høgt om korleis ein inkluderer flest mogleg, også dei som elles ikkje er engasjerte; fordi dei ikkje veit korleis, fordi dei har gitt opp å påverke kommunen eller fordi dei eigentleg har nok med kvardagen sin og dei problema dei møter der.

I staden burde ein sjå til alternative medverknadsprosessar, der dei ulike gruppene snakkar med kvarandre. Høgskulen for grøn utvikling brukar ein slik metodikk, og den let i langt større grad dei involverte gruppene møte og med bryne seg på kvarandre. Det legg opp til ei heilt anna problemforståing og involvering av ulike grupper i eit lokalsamfunn enn det berre ein rein dialog mellom enkeltgrupper med ei prosjektgruppe vil. Alver kommune ønskjer å utvikle lokalsamfunna. Då må ein også utvikle menneska i dette samfunnet. Lat menneska som bur i samfunnet sjølve løyse og definere problema som er der. Ein myndiggjer dei gjennom ein slik prosess. Ein skapar også ein heilt annan eigarskap enn det ein tradisjonell planprosess gjer. Og kan hende skapar ein nye samarbeid på vegen. Og dette er også kjernen i eit godt lokalsamfunn. Det er dette kommunen seier er eit mål å

oppnå. Då må vegen vera målet. Med ein liten ekstra innsats, får ein gjerne lokale næringar ut av det òg.

Så rekrutter folk; bank på dørrar, gå på besøk til folk. Inviter til kaffi ved postkassestativa. Lev farleg og ta sjansen på å tenkje annleis. Då har Alver kommune verkeleg prøvd å skape noko nytt! Og det må vere heilt grunnleggjande i ein ny kommune!

3.2 Plan for innbyggjarinvolvering og kommunikasjon

Her er nemnt nokre grupper som særskilt skal involverast. Som kommentert over, bør kommunen tenkje heilt nytt om heile medverknadsprosessen og leggje opp til eit anna løp (som også fører fram til ein arealplan). Her er likevel kommentarar til nokre grupper som burde vore løfta fram.

Barn og unge i låginntekstfamiliar eller som er i kontakt med barnevernet, er i risikograppa for ikkje å gjennomføre vidaregåande opplæring. Dette har store konsekvensar for liva deira og helsa deira. Dersom ein skal tenkje langsiktig bør særskilt desse gruppene løftast. Ein bør sjå på løysingar som kan gjere skulegangen til desse borna betre. Elles kan ein også kommentere korleis ein på lang sikt skal halde fram ei god samfunnsutvikling, med god innovasjonsevne og kvalitet på forskinga, utan å leggje større vekt på plassen særskilt evnerike born får i samfunnet og i skule. Også desse er ei gruppe som har vanskar med å få god nok oppfølging i skulen. Det er elles svært positivt at kommunen fleire gongar kjem inn på kor viktig utdanning er, og at dette kan knytast til folkehelse og berekraft.

Ei gruppe som ikkje er nemnt, men som likevel i stor grad vert råka av resultatet av kommunalt planarbeid, er grunneigarar. Grunn og eigedom og bruk av denne er sentralt i mykje av arbeidet med arealplanar. Å hente inn grunneigar som ein aktør som ideelt sett ønskjer å utvikle lokalsamfunnet og delta i det som skjer rundt ein, vil vere konfliktdempande og ein vil lettare finne reelt gode løysingar. Grunneigar kjenner gjerne godt til eigedom og forhold ved eigedomen sin, og vil i så måte kunne ha nyttige innspel om disponering av den. Når ein treng areal til såkalla samfunnsutvikling og til eit arsenal av ulike tiltak, så treng ein grunn. Som grunneigar får ein ei uendeleg lang rekkje førespurnader frå offentleg, privat og frivillige om disponering av areal. Ein sterkare medverknadsprosess der ein også inkluderer grunneigar kunne gitt betre og meir langsiktige løysingar på bruken av areala.

4.2.3 Grøn omstilling

Berekraft kan ikkje berre knytast til klima, men må i langt større grad inkludere natur. Gitt dei overordna måla i planen og fokuset på berekraft burde landbruket vore framheva. Korleis skal me leggje til rette for eit mest mogleg berekraftig landbruk, både med tanke på miljø, samspel og forvaltning av naturen, og på til dømes antibiotikaresistens. Sidan folkehelse også er eit tema, så er årlege dødstal som konsekvens av antibiotikaresistens i Italia, rundt ti gongar høgare per million innbyggjarar enn det er i Norge. Noko av forklaringa ligg i landbruket. Norske dyr har jamt over låge utslepp og er sunne og friske, og brukar mindre antibiotika enn mange andre land. Dei enorme monokulturane er heller ikkje dominerande i Nordhordland og Alver. Korleis får ein fram det heilskaplege i forvaltninga av naturen. Det å ta vare på naturen og leve i takt med denne er heilt vesentleg for framtida vår. Når berekraft er eit så sentralt mål i planen, må tema knytt til korleis vi tar vare på det lokale landbruket løftast. Og landbruk må sjåast på som ei næring.

Meir matproduksjon i byar bør også vere med! Med ein miljøvenleg by med låge utslepp som Knarvik skal verta, vil det vere eit heilt anna rom for matproduksjon i og nær byen.

Sirkulærøkonomi i korleis vi brukar eksisterande bygningsmasse – gjenbruk, riving, ombygging – kva kvalitetar har bygga? Mange leinstover i området er bygd i ei tid der treverket har hatt ein langt betre kvalitet enn dagens tre. Kan ein setja i stand og byggje om fleire av desse husa (nokre bør truleg òg vernast (eller rivast), men her vil det vere rom for store variasjonar). Grendehus, bedehus, løer, skulebygg er forlatne og har varierende grad av bruk i dag. Kan vi endre bruken på dagens bygningsmasse? Kva med å delta i ulike prosjekt knytt til sirkulærøkonomi og gjenbruk av heile bygningsmassen. Historisk har Nordhordland har mykje bruk av stein. Kva kan vidareførast av dei byggjeteknikkane og materialvala ein har tatt i tidlegare tider? Kan ein også sleppe noko fortetting dersom ein i større grad brukar eksisterande bygningsmasse og tenkjer nytt om korleis ein bruker denne?

Hydrogen – produksjon av hydrogen frå mikrobiologisk avfall – NGIR køyrer i dag mykje av sitt biologiske avfall til Sunnhordland. Det er langt. Finst andre løysingar som ligg nærare, og er det noko å hente i produksjon av hydrogen frå biologisk avfall?

Samordna areal og transportkartlegging

Fortetting har blitt eit omgrep som vert nytta mykje. Det er sjølvstakt praktisk, og det er god helse i god og trygg vassforsyning. Den naturlege utviklinga av staden ein bur på vert likevel mangelfull, og kvalitetar i buområde som har vakse naturleg fram forsvinn. Ein må ta ein gjennomgang av eksisterande byggmasse, både offentleg og privat, og sjå nærare på om denne kan nyttast på ein betre måte. Til dømes vil gamle bygningar gjerne vere plassert i tråd med natur og tilpassa ver og vind på ein heilt annan måte enn ein gjer i dag (sjå også kommentar i 'Grøn omstilling').

Det er sjølvstakt fint at flest mogleg kan sykle til jobb, men det får litt overdriven plass i planverket. Pandemien har også opna for ein heilt annan grad av heimekontor enn det som har vore vanleg tidlegare. Ei anna historisk og kulturelt god løysing er bruk av sjøen. Det skjer mykje innanfor teknologiutvikling av sjølvgåande/autonome båtar, og elektrifisering av dei. Det opnar for ein annan kommunikasjon mellom det som har vore lokalsamfunn på kvar si side av fjorden. I kombinasjon med beredskap, kan ein på sikt finne sjølvgåande båtar som kan legge ut lenser til bruk ved rømming frå oppdrettsanlegg eller oljesøl, oppnår ein fleirbruk. Større bruk av sjø, vil også kunne endre korleis kommunen organiserer tenestene sine. Kommunen er stor, og somme område når ein lettare via båt enn bil. Det gjer også at ein slepp bygge større vegar, men lettare kan leggje til rette for aktive lokalsamfunn spreidd rundt i kommunen.

Med venleg helsing

Aina Isdal Haugland